

Fra: Eivind Gregersen <gregerseneivind@gmail.com>

Sendt: 30.10.2025 21:18:46

Til: Postmottak KLD <postmottak@kld.dep.no>, post@bfk.no

Emne: Innspel til sti og løypeplan og tiltaksplan Hardangervidda

Hei

Vedlagt finn de høyringsinnspel til sti og løypeplan og tiltaksplan Hardangervidda frå grunneigarane på Huse, Kinsarvik.

Helsing

Eivind Gregersen
98488799

Klima- og Miljødepartementet

E-post: postmottak@kld.dep.no

Buskerud fylkeskommune

E-post: post@bfk.no

31. oktober 2025

Høyringsinnspel til felles Sti og Løypeplan for Hardangervidda

Om høyringspart

Grunneigarane på Huse i Kinsarvik har stolar i området rundt Grøndalsvatnet og mot Stavali vest på Hardangervidda. Totalt utgjer arealet ca 27.000.000 m², som strekker seg frå Husedalen og inn mot Sovarenuten/Jolabotn/Stavali. Heile området ligg i nasjonalparken, der storparten er kartfesta som villreinområde i randområde til nasjonalparken. Grunneigarlaget består av 5 ulike rettshavarar.

Aukande turisme og tilrettelegging

Hardangervidda har lenge vore eit symbol på norsk natur, villmark og kulturarv. Som Nord-Europas største høgfjellsplata har området ein unik verdi både økologisk og kulturelt. Men dei siste tiåra har Hardangervidda opplevd ein kraftig vekst i turisme og kommersiell aktivitet, noko som har satt stadig større press på både naturen og dei lokalsamfunna som lever i og rundt fjellområdet.

Turismen på Hardangervidda har auka jamt, med stadig fleire besøkande frå både inn- og utland. Denne veksten har ført til omfattande tilrettelegging:

- Merking av stiar og etablering av nye ruter
- Utviding av eksisterande turisthytter og kommersielle overnattingsstader (utleige inkludert)
- Organiserte aktivitetar som fellesturar, kiting, ski og andre tur-opplevingar
- Tilkøyst-løysingar som gjer fjellet meir tilgjengeleg for korttidsbesøkjande

Sjølv om turismen bidreg til noko lokal økonomisk aktivitet, skjer dette ofte på bekostning av naturverdiane og den tradisjonelle bruken av vidda.

Hardangervidda vert i aukande grad marknadsført som ein destinasjon for opplevingar og aktivitetar. Dette fører til:

- Auka ferdsel i villreinen sine leveområde
- Støy og uro frå tilknytta motorisert ferdsel og store grupper
- Press på infrastruktur og behov for stadig meir tilrettelegging

Kommersialiseringa kan føre til at fjellet vert opplevd som mindre tilgjengeleg for dei som bur i området, og som har brukt fjellet i generasjonar til jakt, fiske, beite og hausting. Me ser det som positivt at Sti og Løypeplan har fokus på å regulera den kommersielle ferdselen heller enn å setja avgrensingar for lokal bruk. Eit sentralt problem er at tiltaka som vert innført for vern, ofte rammer lokal bruk like hardt – eller hardare – enn turismen. Lokale innbyggjarar har gjerne låg og skånsam bruk av fjellet, medan turistar kjem i stort tal og med høgare påverknad. Likevel vert tiltaka sjeldan retta mot å regulera turismen, men heller mot generell ferdsel.

Det er difor viktig å:

- Skilja mellom lokal og kommersiell bruk i forvaltninga
- Prioritera rettane til dei som bur i området og har historisk tilknytning til fjellet
- Innføra tiltak som styrer og avgrensar turismen, heller enn å innskrenka lokale sine rettar.

Kommentarar til tiltak i sti og løypeplan

1 Formidling

Det er viktig med informasjon på ulike språk ved dei ulike innfallsportane til vidda, og det er viktig at dei ulike operatørane er godt informert om sine plikter og krav. Sosiale Media kan nyttast systematisk til å få ut informasjon som er eit motinnspeil til alle instragrambileta som dreg turistar inn på vidda.

2.3 Skiløyper

Tilsynsutvalet i Vestland har drive med adaptiv forvaltning der skuterløyper har vorte stengt når det har vore villrein i området. Dette er ei ordning som har fungert svært godt og som har vorte respektert av løyvehavarar. Denne ordninga bør vidareførast..

I forhold til turløyper som er vist i kartet, har dei stikka skiløypene ofte same trasè som skuterløypene. Eidfjord og Ullensvang kommune har kartfesta skuterløyper innan kommunane. Dette er løyper som har vorte arbeida fram over fleire år og som er etablert som beste mogelege trasè. Desse tener gjerne ulike formål til ulike tider i sesongen og behovet kan variera i forhold til snømengde, vindretningar og vêr. Løyvehavarane held seg til dei kartfesta løypene og er lojale mot desse.

2.4 og 2.5 Ferdsel med hundespann og kiting

Speglvendingsprisippet bør gjelde ved fritidssyslar som hundekøyring og kiting. Det er fornuftig at dette vert begrensa til avgrensa områder slik at det ikkje spreier seg til nye områder dersom enkelte område vert forbode.

5 Restaurering barmark

Endring av motorferdsel i nordvest og framlegg om ny tursti og ny nytte i nordvest står i direkte motstrid til kvarandre. På den eine sida vert det foreslått ny hytte og ny fotrute ut mot randsona i vest, medan det på den andre sida vert peika på at ferdsel med snøskuter i nordvest må avgrensast for å unngå at villreinen vert skremd sørover på seinvinteren. Nye ruter og turist-hytter gjev erfaringsmessig tilhøyrande trafikk året rundt.

Når ein arbeider ut frå grunntanken om å begrensa/reducera forstyrrande trafikk av omsyn til villreinen, framstår det som meiningslaust og motstridande å åpna eit «urørt» høgfjellsområde for ny hytte og ny turistferdsel. Me er sterkt i mot å tilrettelegga for nye hytter og stiar, samt gjenåpning av tidlegare nedlagde stiar.

7 Forventinger: Kommunene

Motorferdsel pr i dag har veldig strenge villkår og omsyn til villrein vert absolutt vurdert. Motorferdsel for lokal bruk er svært strengt handheva og dette vert fylgt og respektert. Dersom regelverket vert opplevd for urimeleg vil det ikkje verta respektert og ein vil kun oppnå forakt.

Lokal bruk er pint ned til eit minimum inn i nasjonalparken, ellers i utmark er det strenge reglar for kvar me kan køyra, og det er kun nyttekøyring etter godkjende løyper som er tillête. Køyring utanom løyper eller køyring som ikkje er heimla i lova er forbudt, og det vert slått ned på med kraftige bøter og sanksjonar. Lokale løyvehavarar veit korleis dei skal te seg for å uroa viltet minst mogeleg. **Det er sjølv sagt i grunneigarane si eigeninteresse at viltet vert minst mogeleg uroa og held seg i området.** Det bør heller sjåast på løyver som er heimla i lova samt motorferdsel i offentleg og kommersiell samanheng. Her vert det opplevd som at det er få grenser og svært omfattande bruk av motorferdsel som ikkje tek omsyn til viltet.

Motorferdsel er i dag avgrensa i begge endar av vintersesongen, og helikopterløyver og barmarksløyver tek omsyn til hekkesesong og kalving. Som nemt tidlegare har adaptiv forvalting av skuterløypene vore ei ordning som har fungert godt og som tek omsyn til villreinen der den er.

Området rundt Grøndalen har bratt tilkomst. I barmarksesongen kjem me oss halvvegs opp lia via traktorveg, men har framleis 460 høgdemeter og 3 timars gange før me er på stølen. For å koma seg ytterleg vidare til det høgaste fiske-, jakt- og beiteområdet, må nye høgdemeter forserast, og det tar nye 2- 2,5 timars gange til ein er framme ved innerste beiteområdet jolabotn. I vintersesongen er stølen kun tilgjengeleg med skutertransport. Skutertransport er

frå år om anna kun mogeleg i deler av vintersesongen. 2025 er eksempelvis eit år der det var minimal transport pga for lite snø. Det er difor naudsynt med den tidsperioden som er sett i dag. Ved tidleg snøsmelting avgrensar sesongen seg sjølv, det samme gjer oppstarten for motorferdsel dersom vinterføret lar venta på seg.

Me er sterkt i mot at naudsynt skuter- og helikoptertransport skal innskrenkas ytterlegare, jf dagens strenge krav til transport- og landingsløyver.

Forventingar til det offentlege

Under kapittelet om forventingar/samarbeid med offentleg forvalting (SNO, fjelloppsyn, mattilsyn, NINA o.l) bør det vera eit eige punkt (likt som kommune m. fleire) - her bør det framgå korleis ein forventer at desse gruppene skal justera sin motorferdsel i naturen (både omfang og køyremønster).

Her bør det listast opp:

- Avgrensa tall turar til det som er heilt naudsynt
- Leggja opp til å utføra fleire oppgåver på ein transport
- Nyttå godkjende løyper og unngå køyning utanom løyper
- Ta omsyn til villreinen i sin ferdsel

Det er også ei forventning til staten at det vert sett i gang lovendringar som regulerer uheldig ferdsel som nemt i planen.

Oppsummering

Grunneigarane på Huse tykkjer det er svært mange prosessar som pågår samstundes på Hardangervidda. Det er forvirrande og vanskeleg å få oversikt over alt arbeidet som føregår og å halda seg oppdatert. Me meiner det er litt for mykje arbeid som går i ein annan, som gjer biletet uoversikteleg og det er veldig fort at det vert gjort feil.

Me observerer også at alt arbeidet som vert gjort no tek utgangspunkt i at villreinen framleis skal vera ein del av Hardangervidda, samstundes er situasjonen med CWD uavklart og ingen veit om det kan verta eit utfall at det ikkje lenger er villrein her. Korleis skal då alle innskjerpingane og tiltaka verta handheva, vert desse reversert dersom villreinen ikkje lenger skal takast omsyn til?

Me synest det er veldig uheldig med desse planane som kjem overlappende på kvarandre. Det er viktig å sikra rom for endringar slik at Sti og Løypeplan vert tilpassa Tiltaksplanen. Me forstår at dei som har arbeida med Sti og Løypeplan ikkje kan klandrast for dei samtidige prosessane. Men ynskjer likevel å melda dette tilbake som ein kommentar til arbeidet.

Som nemt innledningsvis meiner me det er viktig å skilja mellom lokal og kommersiell bruk i forvaltninga. Me meiner rettane til dei som bur i området og har historisk tilknytning til fjellet skal prioriterast. Tiltak som skal innførast må i større grad styra og avgrensa turismen, heller enn å innskrenka lokal rett og bruk.

For å sikra Hardangervidda som både naturvernområde og levande kulturlandskap, må ein finna ein balanse mellom vern og bruk. Dette trur me inneber:

- Å setja grenser for kommersiell aktivitet og masseturisme
- Å styrka lokal medverknad og rettar
- Å verna villreinen og økosystemet gjennom målretta tiltak mot dei største truslane som utan tvil er knytt til turisme og tilrettelegging

Det er viktig å understreka at lokal ferdsel på Hardangervidda er svært avgrensa samanlikna med den aukande turisttrafikken. Lokalbefolkninga nyttar fjellet med respekt og i tråd med tradisjonelle rettar, og utgjer etter vår erfaring ikkje ein trussel mot villreinen sine leveområde.

På vegne av Grunneigarane på Huse, Kinsarvik

Eivind Gregersen

Klima- og Miljødepartementet

E-post: postmottak@kld.dep.no

Buskerud fylkeskommune

E-post: post@bfk.no

31. oktober 2025

Høyringsinnspel til tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde

Om høyringspart

Grunneigarane på Huse i Kinsarvik har stolar i området rundt Grøndalsvatnet og mot Stavali vest på Hardangervidda. Totalt utgjer arealet ca 27.000.000 m², som strekker seg frå Husedalen og inn mot Sovarenuten/Jolabotn/Stavali. Heile området ligg i nasjonalparken, der storparten er kartfesta som villreinområde i randområde til nasjonalparken. Grunneigarlaget består av 5 ulike rettshavarar.

Rettstilhøve

Av gjeldande rettstilhøve vil me referera til fylgjande frå våre juristar:

I medhold av naturvernloven fra 19. juni 1970, ble det ved kongelig resolusjon 10. april 1981 FOR-1981-04-10-4830, vedtatt forskrift om vern av Hardangervidda nasjonalpark. I forskriften § 3, Rettstilhøve heter det blant annet:

«Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i nasjonalparken, og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova.»

Det ble ikke betalt noen erstatning til grunneierne ved vernet i 1981. Stortinget var opptatt av at grunneierne sine rettigheter ikke skulle svekkes. Tvert i mot var Stortinget opptatt av å styrke landbruksinteressene. Menneskerettighetsloven EMK artikkel 1, i 1. tilleggsprotokoll fastsetter blant annet:

«Enhver fysisk eller juridisk person har rett til å få nyte sin eiendom i fred.»

Videre fastsetter Grunnloven § 105:

«Krev omsyn til samfunnet at nokon må gje frå seg sin faste eller rørlege eigedom til offentleg bruk, skal ho eller han få fullt vederlag av statskassa.»

Uttale

Hardangervidda grunneigarsamskipnad (HG), Vestland Tilsynsutval, Fjellstyra i Eidfjord, Røldal og Ullensvang har utarbeida ein felles høyringsuttale til Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde. Gryting Grunneigarlag SA stiller seg bak denne høyringsuttalen med fylgjande presiseringar:

Me representerer grunneigarar som har sine eigedomar på fjellet knytta til garden, med ressursar som fiske, jakt og beite for husdyr. Me har forvalta desse eigedomane sidan 1600-talet, og har hatt privat eigedomsrett sidan høg fjellskommisjonen var på befaringsstarten av 1900-talet. Eigedomane er organiserte som sameiger, og arealet er viktig som beiteressurs, sidan heimegardane ved fjorden er små og har avgrensa med innmark og utmarksbeite. Fiske og jakt er òg viktig for gardane som tilleggsnæring, inkludert elg/hjort, reinsdyr, rådyr og aure. Me vedlikeheld stiar og bruer inn i terrenget, der kostnadane vert fordelast etter ansvar/skuld. Det offentlege har forvalta vidda i eit mykje kortare tidsrom enn oss.

Halvparten av Hardangervidda er privat eigd grunn. Det må skiljast tydeleg mellom grunneigarar som forvaltar sin eigen eigedom/sine egne rettar, og turistar som nyttar seg av allemannsretten på grunneigarane sine eigedomar. Grunneigarane har forvalta si eiga utmark, med kunnskap og ansvarsmedvit i generasjonar. Lokal ferdsel utgjer 4-6 % av ferdselen på Hardangervidda, jf NINA-rapport 2021. Grunneigarane sin del av ferdselen er enno mindre. Grunneigarane sin ferdsel ligg godt innanfor villreinen sin bæreevne, og det er ikkje grunnlag for avgrensande tiltak. Grunneigarane sin ferdsel har òg blitt redusert dei siste to generasjonane, bl.a. grunna færre beitedyr.

I tiltaksplanen er det varsla om strengare reglar for helikopterbruk og bruk av snøskuter. Det vert særleg vist til tiltak 15, 16 og 18 i tiltaksplanen. Begge retningslinjene vil påverke grunneigarane i betydeleg grad, då topografien på vestvidda skil seg betydeleg frå andre stader på vidda. Me må forsera ein høgdeskilnad på 800 til 1.200 meter før me kan bevega oss innover eit kupert og grovt fjellområde. Grunneigarane har 3-3,5 timars gange før dei er på stølen, og ytterlegare 2 – 2,5 timars gange til det høgast liggande fiske-, jakt- og beiteområdet. I vintersesongen er stølen kun tilgjengeleg med skutertransport. Skutertransport er frå år om anna kun mogeleg i deler av vintersesongen. 2025 er eksempelvis eit år der det var minimal transport pga for lite snø. Det er difor naudsynt med den tidsperioden som er sett i dag. Ved tidleg snøsmelting avgrensar sesongen seg sjølv, det samme gjer oppstarten for motorferdsel dersom vinterføret lar venta på seg. Det høgaste fiske-/jakt-/beiteområdet vårt ligg på 1.200 til 1.600 moh. Pga terrenget, er desse fjellpartia ikkje tilgjengeleg med snøskuter, og den einaste måten me kan få frakta opp/ned utstyr/fangst mv, er via helikopter. Me er sterkt i mot at naudsynt skuter- og helikoptertransport skal innskrenkas ytterlegare, jf dagens strenge krav til transport- og landingsløyver.

Me som grunneigarar er reelle forvaltarar av eigen eigedom, og opplever det som eit uttrykk for mistillit og umyndiggjering at den avgrensa ferdselen me har, skal innskrenkast ytterlegare. Grunneigarane sin samla ferdsel, som me utøvar på ein ansvarleg måte, er godt

innanfor naturen sin bæreevne. For at grunneigarane skal kunne nytta sine stolar og rettar på ein forsvarleg måte, er det naudsynt med den avgrensa motoriserte ferdselen me har i dag. Det er ikkje grunnlag for å avgrense denne aktiviteten.

Me reagerer på at grunneigarane vert omtalt som "brukarar", og vert sidestilt med turistar og andre fritidsutøvarar. Me må omtalast som grunneigarar og behandlast forskjellig frå andre. Eigedomsretten er eit av fundamenta i eit sivilisert samfunn. I planprosessorganiseringa er det operert med eit referanseforum der grunneigarane og rettshavarane er plasserte på same nivå som turisthytter, kite-surfingar og hundekøyrarane med fleire, sjå side 6 i tiltaksplanen. Grunneigarane blir med dette forsøkt satt til sides. Grunneigarane skulle hatt ei mykje meir sentral rolle i forkant av prosessen. Me opplever lovpraksisen i dag som streng, og kan ikkje akseptere fleire avgrensingar. Me vil då ikkje klara å forvalte eigedommane/rettane våre på forsvarleg vis.

Grunneigarane har i generasjonar sidan villreinen blei jakta på, vore kjent med at villreinen er sky og fryktar menneske. Grunneigarane har som forvaltarar ein eigeninteresse i å ta vare på villreinen både for næring og for eigen rekreasjon. Me vil alltid ta omsyn til villreinen når me ferdast i fjellet, og synest dagens praksis med varsel om stengde løyper fungerer godt og er noko alle respekterer.

Skal levekåra til villreinen forbetrast, må det settast inn tiltak som har effekt og ikkje berre symbolpolitikk som påverkar grunneigarane. I tiltaksplanen del II, side 22 nedst og side 23 øvst, drøftar ein mogleg bruk av heimel for å verne større område. Det vert vist til friluftslova paragraf 15 og naturmangfaldlova paragraf 22. Me er einige i at nemnde føresegner neppe gir tilstrekkeleg heimel for å forby turisttrafikk i store område for heile eller delar av året.

Styresmaktene har då òg påpeika at det kan bli behov for å endre naturmangfaldlova paragraf 22, slik at ein lovheimel kjem på plass om forvaltninga verkeleg ønskjer å sikre villreinen mot forstyrringar og betre levekåra. Ein ny naturmangfaldlovs paragraf 22 1. ledd kan lyda;

«I villreinens leveområde kan styresmaktene bestemme at i større deler av arealet skal det vere forbod mot turistferdsel i heile eller deler av året».

Grunneigarane skal ikkje omfattast av forbodet då deira samla ferdsel vil vere innanfor naturens bæreevne, og ein går klar av dei ekspropriasjonsrettslege inngrep det vil vere å nekte grunneigarar ferdsel på eigen eigedom. Viser bl.a. til at grunneigarane sin bruk av eigen eigedom er rettsleg vernet jf. blant anna verneforskrifta for Hardangervidda frå 1981.

Med fokus på villreinen sitt beste, foreslår me også ei freding av villreinen i inntil 5 år. Dvs freding i høve til både jakt og forskning.

På vegne av Grunneigarane på Huse, Kinsarvik

Eivind Gregersen